

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.01.2012
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Sal av bustader i Friggsvei 31, 33 og 37**

Styresak 015/12 B

Styremøte 01.01. 2012

Forslag til vedtak

1. Styret sluttar seg til sal av bustadane Friggsvei 31, 33 og 37, gnr 34 bnr 5 i Haugesund kommune i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Fonna HF i styremøte 21. desember 2012.
2. Styret føreset at eigedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av bustadane.

Oppsummering

Helse Fonna HF ønskjer å selje tre bustader i Friggsvei i Haugesund. Behovet for denne type bustad har dei seinare år blitt redusert. To av bustadane står for tida tomme og den eine krev omfattande vedlikehald og oppgradering. Ettersom det er avstand mellom bustadane og sjukehuset er dei også mindre aktuelle med tanke på kortidsleige. Administrerande direktør tilrår i saka at det blir gitt tilslutning til sal av eigedomane.

Fakta

Styret i Helse Fonna HF gjorde i styremøte 21. desember 2011 følgjande vedtak i sak 104/11 B – Sal av 3 bustader i Haugesund, Friggsvei 31, 33 og 37:

1. *Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Friggsvei 31, 33 og 37 i Haugesund kommune.*
2. *Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.*

Saksførelegget til nemnde styresak, sak 104/11 B (Helse Fonna HF) følgjer vedlagt.

Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretak, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 mill kroner er det ikkje naudsynt å leggje saka fram for departementet.

Helse Fonna HF eig tre einbustader i rekke i Friggsvei i Haugesund. Bustadane har et primærareal på ca 85 m², og er ein del av Storahaug burettslag 1. Ved eit eventuelt sal vil medlemmar i HAUBO burettslag ha forkjøpsrett på bustadene.

Behovet for denne type bustad har dei seinare åra blitt redusert. To av bustadane har i lengre periodar stått tomme, den eine av bustadane krev omfattande vedlikehald og oppgradering/ standardheving for at den igjen skal kunne leigast ut. Bustadane har gjennom kartlegginga av teknisk tilstand fått tilstandsgrad 3 på vann og sanitær, ventilasjon, elkraft generelle anlegg, og elkraft lys, varme. Dette er anlegg og utstyr det er knytt store kostnader til ved ei oppgradering/standardheving.

Dersom ein fortsett skal anvende bustadane til korttidsleige må dei i tillegg møblerast. I tillegg vil ein også påførast kostnader til reinhald.

Primært ønskjer aktuelle leigetakarar å bu nærast mogleg sjukehuset. Ettersom det er avstand mellom bustadane og sjukehuset er dei lite aktuelle for enkeltpersonar som blir innleigde for kortare periodar.

Det er i dag kostnader knytt til drift, vedlikehald og administrasjon av bustadane. I tillegg kjem årlege fellesutgifter på 72.000,- kroner.

Alder og tilstand gjer at føretaket ikkje ser for seg inntekter som står i forhold til dei kostnadene det vil vera å renovera, vedlikehalde og drifta bustadane.

Den bokførte verdien på bustadane gjer at føretaket må rekna med eit mindre rekneskapsmessig tap. (tilsvarande bustader er tidlegare solgt for 1.400.000 og oppover, alt etter standard, ref Haubo).

Følgjande opplysingar gjeld for alle tre eigedomane:

- Bustad i rekke oppført 1968
- Månadlig fellesutgifter: kr. 2000,-
- Bokført verdi: kr. 1.912.500,-
- Samla teknisk tilstandsgrad 1,74

Konklusjon

Med bakgrunn i den utgreiing som er gitt i styresak 104/11 B (Helse Fonna HF), står sal av dei tre bustadane fram som ei fornuftig løysing. Administrerande direktør tilrår derfor at styret i Helse Vest RHF sluttar seg til sal av bustadane. Ein legg til grunn at bustadane vil bli lagt ut for sal på den opne marknaden. Med bakgrunn i at verdien er under 10 mill., vil saka bli avgjort av Helse Vest, med sluttbehandling av føretaksmøte for Helse Fonna HF.

Vedlegg:

Styresak 104/11 B frå styret i Helse Fonna HF